Rutine - Pakkeforløp heim for pasientar med kreft

Føremål

Pakkeforløp hjem for pasientar med kreft skal bidra til eit auka fokus på livskvalitet, god helse og mestring for personar som lever med kreft, eller har gjennomgått kreftbehandling.

Omfang/Virkeområde

Alle pasientar som får ein kreftdiagnose er omfatta av pakkeforløp heim for pasientar med kreft, uavhengig av om dei alt er i eit diagnosespesifikt pakkeforløp for kreft eller ikkje, og uavhengig av om behandlingsforløpet har kurativ eller palliativ intensjon.

Pasientar som får tilbakefall/residiv vert og inkludert. Pakkeforløpet omfatter og born.

Ansvar

Kreftkoordinator evt. fastlege har ansvar for å gjennomføre kartleggingssamtalane.

Etter samtykke frå pasienten skal det sendast rapport til fastlege om samtale er utført og evt. innhald/behov for oppfølging.

Henvisning til Kreftkoordinator skal sendast til Vurdering og koordinering (VOK)

Pasient kan ta direkte kontakt på tlf VOK(99358467) eller kreftkoordinator (94846123)

Aktivitet/skildring

Pakkeforløpet består av tre behovskartleggings samtalar.

Den første samtalen vert gjennomført i spesialhelsetjenesta/sjukehus. Dei to siste samtalane vert det tilbod om i kommunen 3 til 4 månader og 12 til 18 månader etter ein kreftdiagnose.

Pårørande kan delta i samtalane om ynskjer det. Samtalane varer i ca 60 min. Ein bestemmer sjølv om ein vil takka ja til tilbodet.

OPPFØLGINGSSAMTALE 2

1. Bruk behovkartleggingssjema i dialog med pasienten.
2. Lag ein plan for etterarbeid og oppfylgjing av problemområder, dersom dette er aktuelt.
3. Avklar om dei ynskjer oppfølgingssamtale 3 (16 måneder etter diagnosetidspunkt).
4. Dokumenter i Profil, under planområde "Kreftsjukepleie" på tiltaket "Pakkeforløp heim - kreft"
5. Sette inn evalueringsdato i tjenestebildet for oppfølgingssamtalar.

6. Skrive oppsumering fra oppfølgingssamtalen og dokumenterast direkte i journal av kreftkoordinator og senda til fastlegen etter avtale med brukar.
7. Om det er fastlegen som følgjer opp må han sende oppsumering av oppfølgingssamtalane Til VOK/ Kreftkoordinator så det blir dokumentert i journal under tiltak "Pakkeforløp heim- kreft" etter avtale med bruker.
8. Om det gjeld born må det dokumenteres i pakkeforløp born.

OPPFØLGINGSSAMTALE 3

1. Bruk behovskartleggingsjema i dialog med pasient.
2. Lag ein plan for etterarbeid og oppfylgjing av problemområder, dersom dette er aktuelt.
3. Føre oppsumering fra oppfølgingssamtalen i journal av Kreftkoordinator.
4. Avvklar om det er behov for vidare oppfylgjing etterat samtalen er dokumentert.
5. Avslutt tjenesten "Pakkeforløp heim - kreft" når oppfølgningssamtale 3 er utført og dokumentert.
6. Vidare oppfølging i sjukehus, hos fastlege og/eller andre kommunale tenester vert vidareført ut frå behov.

Aktuelle tema i samtalane:

- Familiesituasjon og nettverk
- Jobb, skule, utdanning
- Økonomi og buforhold
- Hjelp og tilrettelegging i heimen
- Rehabilitering
- Fysisk aktivitet og fysisk funksjon
- Ernæring , mat og måltider
- Ivaretaking av av eigen helse
- Eigne resursar, læring og meistring
- Fritid og sosiale aktivitetar
- Psykisk helse
- Seksuell helse
- Munn og tannhelse

Kva som vert teke opp i den enkelte samtale vil avhenge av livssituasjon og det den enkelte ynskjer å snakka om. Behovskartlegginga skal bidra til få fram behov.

Barn og unge

All utredning og behandling ved kreft hjå born foregår i henhald til Nasjonal handlingsprogram med retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfylgjing av kreft hjå born.

Det er her anbefalt at det vert oppnevnt koordinator ved behov i kommunen og etablert ansvarsgruppe som med ansvar for oppfylgjing mens barnet og familien er heime og om dei har behov for ekstra støtte og oppfølging i barnehage, skule eller i heimen.

Rehabilitering i forbindelse med behandling for kreft i barnealder involverer heile familien og krever tverfagleg innsats, og behov for ekstra støtte og oppfølging i barnehage, skule og i heimen. Samhandling mellom barneonkologisk avdeling og kommunehelsetjenesta er særs viktig i samhandlinga.

Referansar

Pakkeforløp heim for pasientar med kreft

Pasientinformasjon om pakkeforløp heim

Nasjonal pårørande veiledar

Utstyr

Termometer for grad av påkjenning